


**DET NORSKE  
TEATRET**



**HOVEDSCENEN I CHAT NOIR:**

«**Den spanske flue**» av Arnold/Bach. Regi: Hans Dahlin, scenografi: Christian Egemar. «**Tolvskillingsoperaen**» av Brecht/Kurt Weill. Regi: Pål Løkkeberg, scenografi: Guy Krohg, musikkalsk innstudering: Finn Ludt. «**En sommernattsdrøm**» av William Shakespeare. Musikk: Jan Garbarek. Regi: Edith Roger, dekor: Lubos Hruza, kostymer: Per Lekang. «**Den politiske Kandestøber**» av Ludvig Holberg. Regi: Kirsten Sørлие, dekor: Tine Schwab.

**AMFISCENEN:**

«**For lukkede dører**» av Jean-Paul Sartre. Regi: Stein Winge, scenografi: Per Lekang. «**Gengangere**» av Henrik Ibsen. Regi: Pål Løkkeberg, dekor Tine Schwab, kostymer: Tine Schwab/Lita Prahl. «**Frøken Julie**» av August Strindberg. Regi: Kirsten Sørлие, scenografi: Per Lekang. «**Sticks and bones**» av David Rabe. Regi: Arild Brinchmann, dekor: Tine Schwab. «**Leve Gary**» av Allan Adwall. Regi: Otto Homlung, dekor: Gunnar Alme, kostymer: Gunnar Alme/Lita Prahl.

**FOR BARN:**

«**En modig mygg**» av Turid Balke. Regi og scenografi: Turid Balke.

**OPPSØKENDE TEATER:**

«Pendlerne — et gruppearbeid om lange arbeidsreiser, sentralisering og avfolking».

**FOR BARNA:**

«**Gutten og gullfuglen**» av Tone Danielsen, Sigmund Sæverud, Nils Utsi og Erik Blindheim med viser av Klaus Hagerup og Svein Scharffenberg. Musikk: Knut Heljar Hagen. Regi: Svein Scharffenberg, dekor og kostymer: Tine Schwab.

«**40 karat**» av Pierre Barillet/Jean-Pierre Gredy. Regi: Toralf Maurstad, dekor: Kaare Hegle, kostymer: Low Kaas. «**Snus-hane**» av Anthony Schaffer. Regi: Terje Mærli, scenografi: Anna Gisle. «**Alle har en annen**» av Alan Ayckbourn. Regi: Johan Fillinger, scenografi: Alistair Powell. «**That Championship Season**» av Jeson Miller. Regi: Barthold Halle, scenografi: Harald Martin.

«**Skjærgårdsflirt**» av Gideon Wahlberg. Regi: Erik Lassen, scenografi: Bjørn Næss (i Centralteatret).

**FOR BARNA:**

«**Knutsen og Ludvigsen**» av Øystein Dolmen og Gustav Lorentzen. Regi: Terje Mærli, scenografi: Harald Martin.

**PÅ DUKKETEATRET:**

«**Festen på taket**» av Jean L. Temporal. Regi og scenografi: Jean L. Temporal.

**OPERAREPERTOAR:**

Ludwig van Beethoven: «**Fidelio**». Regi og scenografi: Lars Rusten, dirigent: Arvid Fladmoe. Benjamin Britten: «**Vold mot Lucretia**». Regi: Jens Chr. Ek, scenografi: Alistair Powell, dirigent: Per Åke Andersson. Alfred Janson: «**Et fjelleventyr**» (urpremiere). Regi: Stein Winge, scenografi: Per Lekang, dirigent: Arvid Fladmoe. «**Den glade enken**» av Franz Lehár. Regi og scenografi: Lars Runsten, kostymer: Jan Skalicky, dirigent: Zdenko Peharda. Giacomo Puccini: «**Madame Butterfly**». Regi: Per E. Fosser, scenografi: Jan Thomas Njerve, dirigent: Per Åke Anderson. Giacomo Puccini: «**Kappen**». Regi: Per E. Fosser, scenografi: Lubos Hruza, dirigent: Per Åke Andersson. Giacomo Puccini: «**Gianni Schicchi**». Regi Per E. Fosser, scenografi: Lubos Hruza, dirigent: Per Åke Andersson.

**BALLETTREPERTOAR:**

«**Borgerskapets syv dødssynder**» av Bertolt Brecht og Kurt Weill. Koreografi: Tom Schilling, kostymer: Kiss Markovic. «**Frøken Julie**». Ballett av Birgit Cullberg til musikk av Ture Rangström. Dirigent: Per Åke Andersson, scenografi: Sven Erixon. «**Mythical Hunters**». Ballett av Glen Tetley. Musikk: Odeon Partos. Dirigent: Per Åke Andersson. Lytsdesign: John B. Reed. «**Serenade**». Ballett av Georges Balanchine. Musikk: Peter Tsjaikovskij. Dirigent: Per Åke Andersson, scenografi: Karinska. «**Skyggen**». Ballett av Roger Lucas. Musikk: Knut Nystedt. «**Svanesjøen**». Ballett av Petipa/Ivanov/Arova. Musikk: Peter Tsjaikovskij. Dirigent: Per Åke Andersson/Zdenko Peharda. Scenografi: Kae Tang/Alistair Powell. «**Back Brandenburg Tre**». Ballett av Charles Czarny. Musikk: J. S. Bach. Dirigent: Per Åke Andersson, scenografi: Joop Stokvis.


**DEN  
NORSKE  
OPERA**

## OMKRING FORFATTARPARET NOBLE OG HERLIHY



Det hender ikkje så sjeldan i teaterhistoria at det dukkar opp ein dramatikar som har veldig suksess med eitt stykke — for sidan å forsvinne heilt. Det er ikkje **nett** slik med forfattarane av «Blue Denim» eller «Tenåring» som vi kallar stykket her til lands, men vi må vedgå at vi stod ganske blanke då vi høyrde namna første gongen.

For å ta den eldste først: William Noble skulle no vere 51 år gammal. Han vart fødd i Spokane i staten Washington, og studerte dramatikk ved University of Washington i Seattle. Medan han var på militærteneste, skreiv han «Young Ideas», og i 1951 fekk han eit stipend og drog til New York, der han vart medlem av «The New Dramatists». Det første skodespelet hans, «Snapfinger Creek», vann førsteprisen i ei nasjonal tevling der Maxwell Anderson var blant dommarane. Seinare vart han tilsett som lærar i kunsten å skrive dramatikk ved Pasadena Playhouse. Der fekk han ein dag James Leo Herlihy som elev, og ut av dette føddest «Blue Denim». Men kva som har hendt med han etter suksessen på Broadway med «Blue Denim» — det har vi ikkje greidd å finne ut!

Parhesten hans, James Leo Herlihy, har derimot gjort meir av seg i åra som følgde. Han var 30 år då «Blue Denim» hadde urpremiere på Pasadena Playhouse — og har halde fram som forfattar sidan. For filmgjengarar kan det vere verdt å nemne at han var mannen bak «Midnight Cowboy» — ein av dei store filmene frå seinare år, med Dustin Hoffman og Jon Voight i dei to store rollene.

Vi fann eit intervju med Herlihy i Saturday Review (29. mai 1971) og det følgjer nedanfor:


«Det finst for mange namn,» sa James Leo Herlihy, ein vakker mann, ser ut som ein skodespelar (og var det òg ein gong), forfattar av «Midnight Cowboy» og no den nyaste «The Season of the Witch». «No om dagen er **alle** vidkjende.» «Ja,» smilte venen Evans Rhodes og var einig; «vi er alle superstjerner.»

Herlihy smilte òg. «Eg skulle gjerne kome borti noko som har med folk å gjere. Du er så einsam når du skriv. Det er som å døme seg sjølv til einecelle. Men eg sa det same for tjue år sidan, og sjå på meg no.»

Kor gammal, spurde vi, var han? «Svært,» var svaret. «Eg er førti-fire.» Fødd i Detroit som sonen til ein bygningsingeniør, med to brør. Den eine er elektrikar, den andre vaktmeister i ei kyrkje. Han har to søstres òg, som baa gifta seg med menn i stålindustrien. Kvar, spurde vi, gjekk han feil? «Eg byrja å skrive då eg var sju,» sa han. «Den første tingen eg skreiv, var ei historie om ein liten gut som overlevde utbrotet av Vesuv og enda i Irland.»


Herlihys universitetskarriere omfattar eitt år ved Black Mountain College i North Carolina. «Det var ei svært livleg og lærerik tid,» kunne han førtelje. «Hugs, colleget vart grunnlagt heilt attende i '33. Det var svært idealistisk den gongen — nitti studentar og trettifem lærarar — og lærarane fekk inga løn. John Rice, ein av grunnleggjarane, spådde at dersom det vart ein suksess, ville det døy om tjuufem år, og det gjorde det. Det fall saman midt i femti-åra.» Ved Black Mountain las den no avlidne kritikaren Isaac Rosenfeld Herlihys første freistnad på ein roman. «Han fortalde meg,» sa Herlihy kvardagsleg, «at romanen ikkje berre var episodisk og dårleg, men at den var vonlaus, og at eg ikkje åtte talent og burde gi opp tanken på å skrive. Hugs at han var autoriteten, den etablerte romanforfattaren. Og det var det.




Korleis,» spurde han, «overlever nokon av oss «autoritetane»? I alle høve — eg gjennomgjekk ein test som skulle avgjere kva eg dugde til. Resultatet fortalde at eg var forfattar først og fremst og skodespelar som nummer to. Så drog eg til Pasadena Playhouse. Eg rekna ut at dersom eg var ein dårleg forfattar, kunne eg i det minste dra dit og bli ein dårleg skodespelar òg. Faktisk,» sa han, «underviste dei oss ikkje særleg godt. Eg fann fort ut at du måtte spele roller som var forferdelege. Så byrja eg å arbeide med å skrive nokre roller. Og då ville dei ikkje la meg spele rollene fordi dei sa eg var ikkje god nok skodespelar.» Likevel, Pasadena Playhouse oppførte det første skodespelet til Herlihy, «Streetlight Sonata». Og på den siste framsyningskvelden, då hovudrolleinnehavaren vart sjuk, fekk Herlihy spela rolla den eine gongen. Sidan forma han si eiga teatergruppe og skreiv det andre skodespelet sitt, «Moon in Capricorn». Og så, i samarbeid med William Noble, som hadde vore læraren i dramaskrivning ved «the Playhouse», kom — etter tretten omskrivingar, minnest han — «Blue Denim» og Broadway.




Herlihsys første ting på trykk var ei novelle med tittelen «The Sleep of Baby Filbertson», som kom i Paris Review. Sju år seinare, i 1959, kom den første romanen, «All Fall Down». Nyleg — for første gong — gjekk han omkring i to heile veker utan å ha noka notatbok på seg. «Eg sakna den ikkje i det heile,» fortalde han oss. «Når eg skriv, ser eg aldri på den likevel. Men eg var så fordømt avhengig av den. Når eg stod midt oppe i ein fabelaktig kveld, kunne eg plutsleg gripe einkvan på venstre eller høgre side av meg i armen og seie, «Orsak meg», og så raste eg avgarde til mitt eige rom for å skrive notat. Når eg endeleg kom att, hadde eg øydelagd sjølve den tingen eg hadde sprunge for å skrive om. No, gudskjelov, aldri meir.»

Herlihy brukte å måle, men gjer det ikkje lenger. Han bur i ei hytte på Key West og kjøpte for kort tid sidan ein innsjø — i det minste eit gardsbruk ved ein innsjø — like ved Endless Mountains i Susquehanna i Pennsylvania. «Eg har ni kanoar,» fortalde han. «Min fars generasjon,» sa han som konklusjon, «var den første alkoholikargenerasjonen. Ungdommen i dag er den første narkotikagenerasjonen. Men eg har store vøner for dei. Dei er i det minste plugga inn i noko, i kontakt med noko — jamvel om det er seg sjølve. Vi lever i den meste skapande tida i menneskehistoria — og slik må det vere. Vi må skape ein heilt ny måte å leve på på denne planeten. Eller bli blåsne i filler. Det eine eller det andre. Så enkelt er det.»









# Tenning

skodespel i fire akter av  
James Leo Herlihy og William Noble

Omsett av

Regi:

Scenografi:

Inspisient og turneleiar:

Sufflør:

Rekvisitør:

Scenemeister:

Lysmeister:

JO ØRJASÆTER  
SIRI ROM/ODD-JAN SANDSDALEN  
GUNNAR ALME  
KRZYSZTOF SELIGA  
TONE ASTRUP  
ANNE-LISE WEGO  
LASSE ARDE  
THORE B. HALVORSEN

**pause etter 2. akt.**

alle bileta er frå ei arbeidsprøve

Teaterforlag: Nordiska Teaterförlaget AB  
Programredaksjon: Halldis Hoas  
Foto: Sturlason  
Trykk: Torres Trykkeri, Oslo

---

---

**dei som er med:**

**Arthur Bartley**

**Major Bartley, far hans**

**Lillian Bartley, syster hans**

**Jessie Bartley, mor hans**

**Ernie Lacey**

**Janet Willard**

---

---

---

---

**ØIVIND BLUNCK  
FRIMANN FALCK CLAUSEN  
KARIN HAUGEN  
EVA SLETT  
BJØRN FLOBERG  
EVA SOLBAKKEN**

---

---



**JESSIE BARTLEY — EVA SLETTO**

Støttespelar i Det Norskes ensemble gjennom 40 år! Utruleg, men sant. Har ei lang rad store prestasjonar bak seg i alle rollefag, vi nemnar Milja i «Ungen» som ein av dei fremste, i Oskar Braatens eigen regi. Dersom de såg TV i julehelga, vil de minnst henne i «Trysil-Knut», ei av dei mange filmrollene hennar. Elles er lista alt for lang til at vi kan byrja rekne opp roller!

**LILLAN BARTLEY — KARIN HAUGEN**

Kan no titulera seg sjølv skodespelarinne, etter endt elevtid på Det Norske Teatret. Etter ei lang rad småroller i elevtida, har ho no markert seg med eit sterkt og særmerkt talent i så ulike roller som dronning Isabella i «Johann utan land» — sveitsiske Friedrich Dürrenmatts versjon av Shakespeares «King John» — og som Gun, ei av dei sju jentene i Erik Torstenssons brennande aktuelle skodespel om livet på ein skoleheim for alkohol- og narkotikaskadde ungjenter.

**JANET WILLARD — EVA SOLBAKKEN**

Kjend og elska av ungar frå nord til sør frå turnéen med «Pippi Langstrømpe», der ho var Pippi sjølv, frå Leikestovene i Fjernsynet og frå leikespelet «I bakvendtland», bygd på viser og forteljingar av Alf Prøysen. Har elles rukke å vere med i ei lang rad framsyningar på den tida ho har vore på Det Norske— frå dei mest moderne dramatikarar som Sandro Key-Åberg og Georg Johannesen til klassikarar som Ibsen og Lorca. Som pleiaren Nell i «Om sju jenter» har ho vore med og skapt ein av dei største suksessane vi har hatt i seinare år.

**ARTHUR BARTLEY — ØIVIND BLUNCK**

Ung og lovande elev på Det Norske Teatret, kjend frå moroprogram i TV og frå rolla som den unge guten i «Harry», Magne Thorsens stykke om ein sjømann som kjem heim. Har synt fint komedietalent i Witold Gombrowicz' modernistiske «Operette» og gjorde sterkt inntrykk som landsbytuksen Mimiko i musicalen «Zorba». Kan synge og danse, noko han fekk bruk for i barnekomedien «Stel ikkje dyr som dansar»!






**ERNIE LACEY —  
BJØRN FLOBERG**


Går på Statens Teaterskole, og er ute på praksisår derifrå. Debuterer på scenen med «Tenåring»! Vil bli å sjå utover våren i fleire produksjonar frå Fjernsynteatret — Holbergs «Barselstuen» og «Miranda» — TV-film av Helge Hagerup i regi av Per Bronken.

**MAJOR BARTLEY —  
FRIMANN FALCK CLAUSEN**

Garva veteran i dette ensemblet, med eit utal turnear bak seg så vel i Riksteatrets eigen regi som i framsyningar frå andre teater. Han er free lance, og etterspurd av så vel filmfolk som radio- og TV-teater! Har vore så heldige å ha han i fleire roller på Det Norske den siste tida — mellom anna som Olderdalens storbonde Torsøien i «Bør Børson jr.»!











## FØRRE GONGEN . . .

«Tenåring» har vore spela på Det Norske Teatret tidlegare, i 1959. Premieren var 21. oktober, og oppsetjinga vart ein stor suksess — heile 44 gonger stod «Tenåring» på plakaten! Gerhard Knoop hadde si første instruktør oppgåve på Det Norske med denne framsyninga, og Snorre Tindberg var ansvarleg for dekorasjonen, medan Randi Skahjem hadde kostyma. Ein av instruktørane i kveld, Siri Rom, spela mora den gongen, og elles var det tre unge lovande skodespelarar som fekk eit gjennombrøt med nett denne oppsetjinga. Vi kunne ikkje la vere å sitere litt frå kritikarane sine ord den 22. oktober 1959:



«Skildringen av de to unge er realistisk og ekte og har både humor og varme. . . . Det virkelig gledelige ved denne forestillingen er det gjennomlevede og detaljrike spillet som blir levert av tre unge skuespillere, nylig uteksaminert fra Teaterskolen: Gudrun Waadeland, Finn Kvalem og Tom Tellefsen. Samspillet mellom disse tre er friskt og følsomt, og Det Norske Teatret har all grunn til å glede seg over denne tilveksten av nytt talent. Det er ikke ofte vi ser så nydelig og ekte ung forelskelse på en scene som Gudrun Waadelands i Janets rolle. Sterkt virker også hennes barnslige hjelpeløshet i ulykken. Tom Tellefsen spiller Arthurs venn, Ernie, med frisk, uvøren gutteaktighet og gjør ham samtidig til en rørende trofast, men vel-signet usentimental kamerat. Det gode inntrykket vi har hatt av Finn Kvalem bestyrker han ytterligere i rollen som den oppløpne, barnslig uerfarne 16-åringen Arthur Bartley. Vi følger ham med interesse og medfølelse i hans brå utvikling fra naiv guttunge til noe i retning av ansvarsbevisst mannfolk. Oppgaven stiller store krav til fantasi og innfølingsevne, og Kvalem har begge deler. Han gir Arthur både svakhet og styrke, følsomhet og karakter. Det er hans største rolle og beste prestasjon hittil.»

Finn Bø i Aftenposten.

«Dette var **teater!** . . . Men når det likevel grip så sterkt på scenen, så er det fordi det tar opp eit emne som engasjerer, fordi vi møter levande menneske, — og fordi stykke eig **nerve.**»

Pål Sundvor i Nationen.

«Det er deilig å være ung — når en er over det verste og kan kaste et litt overbærende, humoristisk tilbakeblikk. Mens det står på er det atskillig verre, det fins vel ingen av oss som ikke har redslesminner fra de skjebnesvangre årene da barnet plutselig står ansikt til ansikt med voksne problemer. De behøvde ikke være store for å skaffe oss våkne netter, — en «æresgjeld» på kr. 4,50, en ørliten forbrytelse, en anmerkning eller en dårlig karakter. Og hendte det så det **virkelig** forferdelige, ja, da raste verden sammen og en så sitt liv uopprettelig forspilt for det ennå var begynt.

Det er ikke lett å være «gammel» heller. Når barna er i knipe er det fatterns og mutterns plikt å forstå det og hjelpe til. Ofte er det jo så bagatellmessig enkelt for de voksne å rydde opp, svært få ting er virkelig uopprettelige. Det er bare det at foreldre så sjelden får vite noe, før det er for sent. I de aller fleste hjem oppstår en underlig alderskløft, to generasjoner går der med sitt, hjelpeløst fortvilet over at det ikke lenger faller naturlig å snakke ut sammen.»

Axel Kielland i Dagbladet.

«For skoleungdom og for tenåringer i det hele tatt . . . er skuespillet et blinkskudd. Derom vitnet reaksjonen blant de unge på generalprøven i fullt monn.»

Henry Harm i arbeiderpressa.

## SPELEPLANEN PÅ DET NORSKE TEATRET

På Hovudscenen:

August Strindberg

# Påske

Regi **Gerhard Knoop**, dekor **Snorre Tindberg**, kostyme **Grethe Wang**.  
Med **Astrid Sommer**, **Odd Furøy**, **Britt Langlie**, **Bente Børsum**, **Bjørn Skagestad**, **Harald Heide Steen**.

Henrik Ibsen

# Brand

Regi **Bjørn Endreson**, scenografi **Arne Walentin**, kostyme **Randi Skahjem** og **Arne Walentin**, musikk **Finn Ludt**  
Med m. a. **Svein Erik Brodal**, **Liv Ullmann**, **Magnus Tveit**, **Tordis Maurstad**, **Bjarne Andersen**, **Harald Heide Steen**, **Wenche Medbøe**, **Lasse Kolstad**

I april blir det premiere på

Oskar Braaten/Harald Tusberg

# Ungen

Musikk **Egil Monn-Iversen**, regi **Berthold Halle**, scenografi **Arne Walentin**, kostyme **Randi Skahjem**

FOR BARNA:

## VESLEFRIKK MED FELA

Ein barnemusical av **Asbjørn Toms** med musikk av **Tor Hultin**.  
Regi og koreografi **Rolf Daleng**, dekor **Snorre Tindberg**, kostyme **Kirsten Høidahl**  
I tittelrolla **Nils Sletta**

PÅ SCENE 2:

## SONG OM DØD OG LIV

Eit *Tor Jansson*-program

Utval, tilrettelegging og regi **Ingebjørg Sem**  
Med **Johan Kjelsberg**, **Ulrikke Greve**, **Tone Ringen**, **Bjørn Jenseg**, **Alf Malland**

Neste premiere kjem midt i februar og blir

Peter Handke

# KASPAR

Regi **Harald Hoas**, dekor **Tom Berre**, kostyme **Randi Skahjem**  
I tittelrolla **Tom Tellefsen**

I mars følger

Heinrich Henkel

# for

Regi **Ole-Jørgen Nilsen**, scenografi **Snorre Tindberg**  
Med m. a. **Jack Fjeldstad**, **Arne Lindtner Næss**



«**Over Ævne I**» av Bjørnstjerne Bjørnson. Regi: Pål Skjønberg, scenografi: Helge Hoff Monsen. «**Agnes**» av Kent Andersson. Regi: Karen Randers-Pehrson, scenografi: Gunnar Alme. «**Den tapre soldaten Svejk**» av Jaroslav Hasek med musikk av Bengt Ernryd. Regi: Gudrun Waadeland, scenografi: Gunnar Alme.

**FOR BARNA:**

«**Veslefrikk med fela**». Ein barnemusical av Asbjørn Toms med musikk av Tor Hultin. Regi: Asbjørn Toms. Koreografi: Grethe Brunvoll, scenografi: Snorre Tindberg.



«**Nei, nei, Nanette**». Musical av Otto Harbach og Frank Mandel med musikk av Vincent Youmans. Regi: Sven Henning, koreografi: Gene Nettles, dekor: Per Fjeld, kostymer: Ingvar Danielsson, musikalsk ledelse: Sverre Bergh. «**Om 7 jenter**» av Erik Torstenson. Regi: Otto Homlung. Scenografi: Ulf Borge. «**Ordet**» av Kaj Munk. Regi: Knut Thomassen, scenografi: Dag Frogner. Festspillforestilling: «**Agnes**» av Kent Andersson. Regi: Anne Gullestad, scenografi: Dag Frogner.

**FOR BARNA:**

«**Ostindiafarerne**». Et gruppeteaterarbeid fra Göteborg Stadsteater. Regi: Arne Jacobsen, scenografi: Helge Hoff Monsen.

**Hogaland Teater**

«**Den skjøne Helene**» av Jacques Offenbach. Regi: Arne Thomas Olsen, koreografi: Hans Kjølaas og Elsa Nordvang. Dekor: Per Fjeld, kostymer: Per Fjeld/Brita Sæbø. Musikalsk ledelse: Petr Cejka. «**En handelsreisendes død**» av Arthur Miller. Regi: Gerhard Knoop. Scenografi: Gunnar Alme.

**FOR BARNA:**

«**Askepott og Lillemus-Mei**» av Bjørn Endreson. Regi: Sverre Bentzen, koreografi: Elsa Nordvang. Dekor: Gunnar Alme, utført av Svein Tang Wa, kostymer: Brita Sæbø.

**OPPSØKENDE TEATER:**

«**Fru Carrars gevær**» av Bertolt Brecht. Regi: Merete Skavlan, scenografi: Snorre Tindberg.

**trøndelag teater**

«**Geografi og kjærlighet**» av Bjørnstjerne Bjørnson. Regi: Arne Aas, scenografi: Per Fjeld.

«**Bør Børson jr.**» av Johan Falkberget/Harald Tusberg. Musikk: Egil Monn-Iversen. Regi: Henny Mürer.

**FOR BARNA:**

«**Klaban Klovn og Nikodemus Stankelben**» av Håkon Qviller. Regi: Henny Mürer, scenografi: Alistair Powell.

**TEATERLOFTET:**

«**Satans kvinnfolk!**» av Hallvord Lydvo og Håkon Qviller. Regi: Håkon Qviller.

**FOR BARNA:**

«**Onkel Eventyr**» av Jiri Streda. Regi: Karel Hlavaty, scenografi: Nina Martins.

**Hålogaland Teater**

får premiere i mars på sitt enno namnlause Nord-Norge stykke, som blir skrive av ensemblet sjølv.

**Teatret Vårt**

Neste premiere blir «**Ordet**» av Kaj Munk, med Rønnaug Alten som instruktør og Helge Hoff Monsen som scenograf. Premierdato primo mars.



Solnen. 68